

## 6 NYHETER



**FØRE I FARE:** Grå, slapsete vinter vil ta over for den gode, gamle vinteren. Foto: NTB scanpix

## Snøløse vintre utfordrer økonomi

**KLIMA:** Også den norske folkesjela vil utfordres når klimaendringer smelter bort snøen vår.

Den tradisjonelle norske vinteren kan forsvinne, helt eller delvis, i løpet av de neste generasjonene. Snøkart fra rapporten «Klima i Norge 2100» fra Norsk Klimasenter viser at lavereliggende og kystnære deler av Norge, der nordmenn flest bor, allerede ved midten av århundret kan vente seg en vesentlig kortere snøsesong.


**Utslipp.** I år 2100 kan det normale i store deler av landet være lite – om i det hele tatt noe – snø vinterstid. Hvor raskt endringene kommer, og hvor alvorlige de blir, vil avhenge av klimagassutslippene.

Uttrykk som nordmenn er født med ski på beina, og nordmenns sterke identitet knyttet til snø, vil bli utfordret i årene som kommer.

Men også milliardbeløp står på spill dersom vi mister vinteren slik vi kjenner den, heter det i rapporten «Grå Vinter», utgitt av Norsk Klimastiftelse. Rapporten ble lagt fram i Oslo onsdag.

**Økonomi.** Hva snøløse vintre vil gjøre med sjela vår, er én ting. Men økonomisk vil fraværet av snø få store konsekvenser for næringer og kommuner, fastslår Hilde Charlotte Solheim, frilanser og tidligere direktør i Virke Reiseliv. Hun har skrevet en analyse om temaet for Norsk Klimastiftelse.

– Det er umulig å angi verdien av en perfekt vinterdag på ski, men i denne rapporten har aktører som kjenner nordmenns forhold til ski og vinter, pekt på betydningen av snø for aktører og lokalsamfunn. Og det er snakk om en formidabel samfunnsøkonomisk betydning, understreker Solheim. ©NTB



# Spiralnektar saksøk

**MOT RETTSSAK:** Reservasjonsstriden er ikkje over. Tidlegare fastlege Katarzyna Jachimowicz vil gå til sak mot kommunen som gav henne sparken.

**BJØRGULV K. BJÅEN**

*bjbj@vl.no*

– Prinsipielt er avgjerda fatta, det blir rettssak mot Sauherad kommune. Min klient ønskjer å få saka prøvd for retten, seier Håkon Bleken til Vårt Land. Han er Katarzyna Jachimowicz' advokat.

Men søksmålet er førebels ikkje levert:

– Min klient må først samle inn nok pengar slik at ho har økonomi til å saksøkje kommunen, forklarar Bleken.

Jachimowicz er katolikk og vil av samvitsgrunnar ikkje setje inn

spiral på kvinner. Ho opplever oppseiinga svært urettvis:

– Kommunen hadde problem med å skaffe legar. Eg ville vere lege i Sauherad, men dei gjorde det til ei stor sak at eg ikkje vil setje inn spiral på kvinner som søker prevensjon. Eg fekk ingen klager på jobben eg gjorde som lege, seier ho til Vårt Land.

**Snudde.** Snart to har gått sidan helseminister Bent Høie (H) annonserte at han trekte det omstridde forslaget, og droppa å innføre reservasjonsrett for fastlegar.

Det var under forhandlingane mellom dei fire borgarlege

partia hausten 2013 at Høgre og Frp gav KrF eit eige punkt i samarbeidsavtalen; legar skulle kunne reservere seg mot å vise kvinner til abort.

**Spiral.** Reservasjonsstriden rette også søkelyset mot fastlegar som nektar å setje inn spiral på kvinner som ber om slik prevensjon.

Ein av desse legane er Katarzyna Jachimowicz. Den polske legen informerte Sauherad kommune om spiralstandpunktet då ho blei tilsett som fastlege, men ingen reservasjonsavtale blei signert.

Jachimowicz blei klaga inn for

Statens helsetilsyn, som var tindrane klare.

Dei forventa at kommunen «påser at fastlegen ikke reserverer mot oppgaver som følge av listeansvar i strid med regelverket».

**Vederlag.** – Difor prøvde vi ulike løysingar. Til sist gav kommunen henne eit tilbod om økonomisk vederlag om ho sa opp og ikkje tvista avtalen. Dette blei avvist, fortel kommunens advokat, Frode Lauareid i KS – Kommunenes Organisasjon.

– Kor stor var summen?

– Det ønskjer vi ikkje å gå ut med.